

Styremøte i Norsk medieforskarlag (NML)

## Referat 13. januar 2020

Kl. 14.00-15.10 (Skype)

**Til stades:** Eiri Elvestad (leiar), Lisbeth Morlandstø, Marika Lüders, Balder Holm, Hanne Hestvik Kleiven og Terje Skjerdal (ref).

**Forfall:** Magnus Hoem Iversen

### 1. Innkalling

Godkjend.

### 2. Referat frå styremøte 5. desember 2019

Godkjent.

### 3. Høyring: Ny mediestøttelov

Mykje godt i høyringsutkastet, men styret stiller spørsmål ved forslaget til mediestøtteråd. Noko uklart om rolla ift Medietilsynet og departementet, mellom anna. Eiri skriv utkast til kort høyringsfråsegn frå NML som styremedlemene kan gje tilbakemelding til før me sender det innan høyringsfristen 17. januar.

### 4. Medieforskarkonferansen okt 2020

Arrangementskomiteen har send søknad om støtte til Fritt Ord. Søknad til Forskningsrådet vert sendt snart.

### 5. NordMedia 2021, Island

Arrangementskomiteen har bedd om innspel til tema for konferansen m.m. Styret diskuterte dei ulike spørsmåla. Eiri formulerer respons og sender det til styremedlemene før det går vidare til komiteen.

Møteplan for resten av våren:

- 2. mars 2020 kl. 14-15
- 20. april 2020 kl. 14-15
- 8. juni 2020 kl. 14-15

Terje Skjerdal (ref)